



Røysterett for alle syng i Rosendal Samfunnshus tidlegare i vinter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Røysterett for alle skal ha jubileumsforestilling (20 år) i Kulturhuset Husnes 29. mars og i samband med det har koret fått underskotsgaranti av kommunen.

I samsvar med gjeldande reglar for allment kulturarbeid i Kvinnherad er det gjeve garanti på inntil ein tredel av godkjente kostnader, Men garantien er avgrensa til 10.000 kroner.

Koret har også søkt om økonomisk stønad frå potten til "frivillige tiltak", men eventuelt tilskot vil bli utbetalt når det ligg føre endeleg rekneskap for arrangementet.

Budsjettet for festforestillinga er på 50.875 kroner og her er det rekna med 18.750 kroner i billettinntekt (125 selde billetter), 15.000 frå sponsorar og 17.125 i stønad frå "frivillige tiltak". Dei største utgiftspostane er 10.000 til husleige med lyd og lys, 12.375 til dirigent under ekstraøvingane og 10.000 til musikarar.

Røysterett for alle har medlemar frå alle bygdene frå Løfallstrand til Utåker og koret er dermed eit positivt bidrag til å binde kommunen saman.

Det heldt koordinatør for jubileumsnemnda Møyfrid Kristoffersen fram i søknaden til kommunen om stønad og viste til indre-ytre-luten-problematikken.

- Medlemane i koret brukar mykje av fritida si på innøving av ulike program gjennom heile året og slik kan vi klare å gje noko til innbyggjarane på mange forskjellige tilskipingar "frå kyrkje til ungdomshus". Vi spreier også vår frivillige innsats utover i kommunen, då vi har hatt konsertar eksempelvis på Varaldsøy, Åkra og Utåker. I tillegg er vi kvart år på Rosendalstunet og syng for bebuarar og tilsette der, skreiv koordinatøren. Ho streka under at dei har det svært kjekt i koret og vil dela dette med andre, også med tanke på rekruttering til korrøysla.

- Gjennom koret sine 20 år har vi hatt ei stor utvikling. Dette med hjelp av flotte og profesjonelle dirigentar frå både inn- og utland. Det gode miljøet som vi har klart å skapa i koret og det positive omdømmet vi har i bygdene her har nok også hatt mykje å seia for utviklinga. Røysterett for alle har 36 medlemar. Medlemene er stabile og vidare har dette også bidratt til den gode musikalske utviklinga, heldt Møyfrid Kristoffersen fram.

Av Ola Matti Mathisen